

Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 24.06.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 18:25

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 16.06.15 og møtet var kunngjort i pressa 17.06.15.

Formannskapet hadde pause/gruppemøte frå kl. 17:20-17:30.

Sølvi Knudsen kom kl. 16:05.

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sak 77-79.

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 80-89.

Møtet vart lukka under handsaming av sak 86 med henvisning til kommuneloven § 31. 5. ledd.

I slutten av møtet orienterte rådmann Ingvild Hjelmtveit om sak framleigekontrakter.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|----------------------|-------|--------------|
| Nils Marton Aadland | H | Ordførar |
| Lars L Barstad | V | Varaordførar |
| Marit Samnøy Jøssang | KRF | Medlem |
| Rolf Hansen | AP | Medlem |
| Åshild Aamli | SAM | Medlem |
| Sigmund Larsen | FrP | Medlem |
| Sølvi Norunn Knudsen | SP | Medlem |

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen.

Protokollførar: Randi Hilland

25. juni 2015

Nils Marton Aadland
Ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|---|
| 77/2015 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 78/2015 | Godkjenning av møtebok |
| 79/2015 | Referatsaker |
| 80/2015 | Orientering av rådmannen |
| 81/2015 | Aktuelle saker |
| 82/2015 | Orientering om status kommunestruktur |
| 83/2015 | Økonomisk rapportering mai 2015 |
| 84/2015 | Høyring - finansiering av private barnehagar |
| 85/2015 | Ekstraordinære tilskotsmidlar i 2015 til ordinære private barnehagar, til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet. |
| 86/2015 | Erstatningskrav |
| 87/2015 | Budsjettrevisjon 2015 (FS) |
| 88/2015 | Utviding av salsareal KIWI 801 Frekhaug |
| 89/2015 | Statens vegvesen - planlagte trafikksikringstiltak i Fossekrysset, trong for dispensasjon frå plankrav |

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 77/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 77/2015

FS - behandling:

Ordførar opplyste at det er sendt ut 3 tilleggssaker. Formannskapet har fått utlevert 1 sak ikkje offentleg. Ved ein feil var denne saka ikkje lista opp på saklista. Sak 86 vert handsama som siste sak.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste med 3 tilleggssaker og endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 78/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Godkjenning av møtebok frå møte 08.06.15

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 08.06.2015

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 08.06.15 vert godkjent.

Formannskapet - 78/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Møtebok frå møte 08.06.15 vert godkjent.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 79/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Referatsaker

Underliggende saker:

| | |
|------------|--|
| Saksnummer | Tittel |
| 79/2015.1 | Orientering om kirkevalget 2015 - brev til kommunene (L)(178447) |

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Formannskapet - 79/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|-------|------------|
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 80/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet - 80/2015

FS - behandling:

Orientering av rådmannen går ut.

FS - vedtak:

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|-------|------------|
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 81/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Aktuelle saker

Formannskapet - 81/2015

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Sigmund Larsen:

- Ønskjer oversikt over opne aktuelle saker som er tekne opp. Dette kan verte lista opp i innkallinga.
- Kva skjer med lokalet til Sparebanken Vest?
Administrasjonen svara at status per no er at ein truleg vil leige det ut. Minibanken vil verte flytta over til KIWI-butikken.
- Måkeplage i Frekhaug senter.
- Er det planar om tømmestasjon for bubilar?
- Pinsehuset på Rossland - skulding mot kommunen.
- Marina på lo - Korleis vert den kontrollert?
- Flyktningsituasjonen - Meland skal ta imot 8 syriske flyktningar - kvifor akkurat 8?
IMDI offordra kommunane til å ta imot ein syrisk flyktning per 1000 innbyggjarar.
I tillegg tenkjer ein at det kan vera 2 familiar.

Når det gjeld måkeplage i Frekhaug senter, pinsehuset på Rossland og Marina på lo vil administrasjonen kome tilbake med svar.

Lars Barstad:

- Planar om å bruke brakker for å utvidekapasiteten ved Fysioterapisenteret?
Kommunen har ei utfordring å finne tenlege lokale. Må prøve å finne midlertidige løysingar.

Ordfører:

- Møte med Fylkesmannen vedk. Frank Mohn Flatøy. Vil sende brev til Kommunal og moderniseringsdepartementet med oppmoding om omgjering av fylkesmannen sitt vedtak.
- Generalforsamling i MAKS. Har god økonomi og leverer gode tenester. Vedtok intensjonsavtale mellom MAKS og NIS.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orientringa til etterretning.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Randi Helene Hilland | | 15/1775 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 82/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Orientering om status kommunestruktur

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 82/2015

FS - behandling:

Det vart orientert om følgjande:

- Møte med tillitsvalde i Lindås, Radøy og Meland 19. juni. Tillitsvalde i Meland skal få talerett i styringsgruppa, slik dei har det i dei to andre kommunane. Dette vert sett i verk etter ferien.
- Skal vere folkeavrøysting om kommunestruktur.
- Forhandlingsutvalet i dei tre kommunane rår til at det ikkje skal vere eigedomsskatt i den nye kommunen.
- Regjeringa vil redusere skattlegging på verk og bruk
- Viktig at saker vert drøfta i formannskapet som er styringsgruppe før det går til forhandlingsutvalet.

FS - vedtak:

Formannskapet tek forhandlingsutvalet sitt framlegg til etterretning. Framlegget blir tatt opp til politisk handsaming etter kommunestyrevalet.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Per Inge Olsen | FE - 210 | 15/1770 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 83/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Økonomisk rapportering mai 2015

Vedlegg:

- 1-Status regnsk-bud pr mai 2015
- 2-Status investeringer pr mai 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar måned legge fram rapport som syner budsjettstatus.

Det overordna bilete er at vi på dei aller fleste tenesteområda ser ut til å komme ut innanfor tildelte budsjetttrammer.

Vi melder likevel om avvik på følgjande område (same som i førre rapport pr april 2015)

1. Skatt og rammetilskot
Vi får lågare skatteinntekter og skatteutjamningsmidlar enn budsjettert, i hovudsak som følgje av nasjonal nedgong i skatteinntekter, men og lågare innbyggjartal Pr 31.12.2014 enn budsjettert. Regjeringa har kompensert for deler av dette gjennom auka rammetilskot, men vi kjem i sum ut ca kr 700.000,- lågare i sum skatt og rammetilskot.
2. Vestbygd skule
Det er trong for å styrke bemanninga ved skulen frå hausten 2015. Noko av dette vert dekke inn med overføring av ressursar frå andre skular, men netto reknar dei med å komme ut med meirforbruk på ca kr 400.000,- for året totalt.
3. Husleigeinntektene på PUK
Desse er budsjettert for høgt, og tenesteområde melder forventa avvik på kr 750.000,- som dei ikkje kan dekke innanfor ramma.

I sum reknar vi med å komme ut med eit netto meirforbruk på kr 1.850.000,-. Budsjettmessige konsekvensar av dette med framlegg til budsjettendringar vert fremja i eigen sak.

Sjå elles vedlagte driftsrapport med kommentarar som følgjer vedlagt.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer og vedlagt.

Denne viser at påløpte investeringskostnader pr 30.04.2015 er kr totalt kr 5,5 mill (sjå kolonna Rekneskap 2015 hittil). Av dette er kr 1,7 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 3,8 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup. Budsjettet er totalt kr 91,6 mill (inkl. Startlån), 55,5 mill for ordinære investeringar og kr 36,1 mill for VA-prosjekter.

Årsaken til at vi ikkje har mykje påløpt er først og fremst at store postar når det gjeld tilbygg på skulane og bustadsinvesteringar fortsatt er under prosjektering og planlegging, og at det difor ikkje er påløpt kostnader på desse prosjekta. Det same gjeld større VA-prosjekt som Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik og Fløksand – Beitingen. I tillegg ser det ut til at Avlaupsleidning Holmeknappen – Tveit vert utsett.

Prosjekt Sanering Markavegen er det prosjektet i perioden som ein har hatt størst utfordringar med, og ein god del tilleggsarbeid har vore naudsynt å gjennomføre, sjå kommentaren i vedlagte prosjektoversyn. Totalt reknar vi med meirkostnad på prosjektet på kr 1,1 mill, slik at prosjektet får ein totalkostnad på kr 4,1 mill. Dette er som meldt i førre rapport pr april 2015.

Vi har i rapporteringa ikkje teke omsyn til at vi til kommunestyremøtet den 17. juni har gjort framlegg om endringar i budsjettet for 2015 både på drift og når det gjeld investeringar. Vi avventer endringar til dei er vedteke.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport for mai 2015 vert teken til vitande.

Formannskapet - 83/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Budsjettrapport for mai 2015 vert teken til vitande.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|------------------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Ingvild Hjelmtveit | FA - A10, TI - &88, FE - 202 | 15/1576 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 84/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Høyring - finansiering av private barnehagar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring framlegg til modellar for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Frsten for og kome med høyringssvar er sett til 20. august.

Utdanningsdirektoratet har lagt opp til at høyringa vert svart på elektronisk, med ja/nei – enten/eller knappar og høve til å leggje inn utfyllande kommentarar til vala. KS har i e-post 02.06.15 oppmoda rådmennene om å leggje til rette for at kommunen svarar på denne høyringa då den er viktig for kommunesektoren.

<http://www.udir.no/Barnehage/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/Horing--finansiering-av-private-barnehager/>

Vurdering

Det aller viktigaste spørsmålet i høyringa er i kva grad kommunane og andre høyringsinstansar vil tilrå ein finansieringsmodell som byggjer på dagens prinsipp om rammefinansiering (dvs at tilskot til private barnehager vert bestemt ut frå kvar einskild kommune sine utgifter til eigne barnehagar), eller ein pålagt nasjonal sats med høve til lokale justeringar ut frå ulikskapar i bemanning. Private Barnehagers Landsforbund (PBL) argumenterer aktivt for den siste løysinga.

På grunn av dei kjente administrative utfordringane med dokumentasjon av dagens tilskotsordning, er det grunn til å tru at fleire vil peike på fordelane ved ein nasjonal sats. Frå KS si side er dei derimot svært opptatt av dei overordna omsyna til lokaldemokrati og rammestyring av kommunesektoren.

Ein obligatorisk nasjonal sats for finansiering av private barnehagar vil bryte med dette, i ein stor og viktig sektor i kommunane. KS-administrasjonen varslar difor at dei i sitt høyringsvar til hovestyret vil tilrå hovestyret å velgje alternativet med rammestyring framfor nasjonal sats, og heller i kommentar til svar presisere at ein nasjonal sats som er valgfri for den enkelte kommune kan kombineras med å halde fram med rammefinansiering som hovedmodell.

KS uttaler at dersom ei tilskotsordning basert på dagens modell vert hovedsvaret frå kommunesektoren i høyringa, vil dei overordna prinsippa om rammestyling som kommunane tradisjonelt ynskjer, bli ivaretatt.

Meland kommune står sjølvstendig fritt til å gje den høyringssutalen vi meiner best tek i vare omsyna til likeverdig tilbod i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og føreseielege rammer.

I høyringssvara bør vi prøve å uttale oss på generelt grunnlag, og ut frå det vi trur både kommunesektoren og ikkje-kommunale barnehagar på sikt er best tente med. Konkrete og «personlege» erfaringar i Meland er av mindre interesse på eit generelt grunnlag. Slike erfaringar kan likevel ha si nytte for å synleggjere korleis ting kan slå ut.

I det vidare vil eg referere dei spørsmåla vi er inviterte til å svare på og kome med framlegg til svar.

Finansieringsmodell

Barnehagelova § 14 har reglar om kommunen si plikt til å finansiere ikkje-kommunale barnehagar. I dag vert tilskotet rekna ut etter forskifta § 8, dvs to år gamle rekneskap vert lagt til grunn. Det betyr at kommunen sine utgifter knytt til barnehage danna grunnlag for utrekning av tilskot til private barnehagar i kommunen to år etter. I utgangspunktet basere både tilskot til drift og kapital seg på to år gamle rekneskap. Når det gjeld kapitalkostnader kan likevel kommunen velje å leggje nasjonal gjennomsnittssats til grunn jf forskifta § 5.

Utdanningsdirektoratet legg fram to alternative framlegg til finansieringsmodell. Den eine modellen tek som nemnt utgangspunkt i at tilskot til private barnehagar skal reknast ut på grunnlag av kommunale utgifter til barnehage i den einskilde kommune. Dette er ei vidareføring av den finansieringsmodellen vi har i dag, men med enkelte endringar på pensjon og kapital.

Den andre finansieringsmodellen tek utgangspunkt i nasjonale gjennomsnittlege utgifter i kommunale barnehagar. Dei nasjonale satsane skal justerast i kvar kommune ut frå bemanningsfaktor og nivå på arbeidsgjevaravgift.

Eit av måla i Barnehageforliket i 2003 var full økonomisk likeverdig handsaming av kommunale og private barnehagar. Sidan barnehage er ei kommunal teneste vart det vurdert som tenleg med ein regel som gir private barnehagar rett til ein del av den einskilde kommune si finansiering av eigne barnehagar. Det vart i samband med dette lagt vekt på at det bør være ein samanheng innad i kommunen mellom kostnadssituasjonen i kommunen og i private barnehagar. Eit anna argument for å basere tilskotet på utgiftene i dei kommunale barnehagane i den einskilde kommune var at dette ville stimulere kommunane til å effektivisere drifta av eigne barnehagar.

Då målet om full barnehagedekning vart nådd, var det vurdert som tenleg å innlemme tidlegare øyremerka tilskot til barnehage i kommunane si rammefinansiering. Innlemminga fører til at finansiering av både kommunale og private barnehagar er ein del av inntektssystemet. Det er laga ein eigen kostnadsnøkkel for utrekning av barnehagar som del av rammetilskotet. Kor treffsikker denne kostnadsnøkkelen er er ei anna sak.

Midlane som vert fordelt i inntektssystemet er frie midlar. Det betyr at kommunen sine inntekter frå skatt, rammetilskot og momskompensasjon kan nyttast fritt etter kommunen sine egne prioriteringar, innan gitte lover og reglar. Kommunen si plikt til å tilby barnehageplass etter barnehagelova § 8 andre ledd, jf. § 12 a, set føringar for kommunen si bruk av rammetilskot.

Rammefinansiering av kommunesektoren er eit viktig bidrag for å byggje opp under lokalt sjølvstyre. Rammefinansiering fører til at det er mogeleg å leggje lokalpolitiske prioriteringar til grunn for det lokale tenestetilbodet.

Dersom ein stor del av kommunesektoren sine inntekter er bunde opp til sektorspesifikke oppgåver er det i realiteten Stortinget som gjer prioriteringar knytt til dei lokale oppgåvene.

Utdanningsdirektoratet skriv at finansiering av kommunale oppgåver gjennom skatteinntekter og rammetilskot gir den mest kostnadseffektive bruken av ressursar. Om ein kommune effektiviserer ein del av tenesteområdet sitt, vil gevinsten liggje att i kommunen. Rammefinansiering stimulerer difor til effektiv utnytting av ressursar, slik at kommunane tilbyr mest mogeleg teneste for kvar krone.

Rammefinansiering krev mindre administrative ressursar både lokalt og sentralt. Det betyr at pengane i større grad kan nyttast til dei tenestene dei er tenkt til, og ikkje til rapportering og administrasjon.

I den alternative finansieringsmodellen som er fremma skal satsen for driftstilskot reknast ut etter ein nasjonal sats. Den nasjonale satsen vert fastsett på grunnlag av gjennomsnittlege driftskostnader i kommunale barnehagar i heile landet. I tillegg til dette skal det gjerast lokale justeringar knytt til bemanning og arbeidsgjevaravgift.

Ved bruk av nasjonal sats vil kommunestyret sine prioriteringar i utgangspunktet ikkje påverke korleis kommunen sitt samla barnehagetilbod skal vere. I fylgje dei data PwC har innhenta på vegne av direktoratet utgjer løn (eksklusiv sosiale kostnader) 86 prosent av utgiftene til barnehagar. Andre utgifter utgjer 14 prosent. Dette gjer at kommunestyret sine prioriteringar i budsjettet til ei viss grad vil påverke tilskottsatsane til private barnehagar, men ikkje i same grad som i den finansieringsmodellen vi har i dag. Det samla barnehagetilbodet vert såleis i mindre grad råka av lokalpolitiske prioriteringar. Behov og ynskje til innbyggjarane får såleis mindre å seie, samanlikna med den finansieringsmodellen vi har i dag.

Utdanningsdirektoratet skriv i høyringsbrevet at tilskot ut frå nasjonal sats i mindre grad samsvarar med omsyna bak rammefinansiering, enn det modellen vi har i dag gjer. Omsyna bak rammefinansiering er: lokalt sjølvstyre, effektiv prioritering og effektiv kostnadsstyring. Vi har likevel erfaring frå statlege satsar både når det gjeld private skular og per capita tilskot innan helse. Ordninga vert opplevd som enkel og lite byråkratisk.

Bruk av nasjonal sats for finansiering av private barnehagar kan føre til ulik finansiering av kommunale og private barnehagar. Direktoratet skriv i høyringsbrevet at finansieringsmåten ikkje vil verke heilt nøytralt for kommunane med omsyn til eigarskap. Det er ikkje likegyldig for ein kommune sine samla inntekter eller utgifter om eit barn går i kommunal eller privat barnehage. I kommunar der den nasjonale satsen er lågare enn kommunen sine egne utgifter per barn, kan det vere lønsamt å medverke til å få etablert private barnehagar. I andre kommunar der den nasjonale satsen er høgare enn kommunen sine egne utgifter til barnehage per barn, kan det løne seg for kommunen å ikkje etablere private barnehagar.

På den andre sida kan ein enklare modell med nasjonal gjennomsnittssats gje noko jamnare tilskot frå kommune til kommune enn i dag. Isolert sett vil dette gje eit meir føreseieleg tilskotssystem og likare driftsvilkår for private barnehagar på tvers av kommunegrensar.

Regjeringa har sagt at dei vil innføre norm for bemanninga i barnehagane innan 2020. Ei slik norm gjer at alle barnehagar må oppfylle minstekravet om eit visst tal tilsette i barnehagen ut frå kor mange barn barnehagen har. Ei slik norm vil etter direktoratet si vurdering føre til at finansieringsmåten vert meir nøytral. Kostnadene vil og jamne seg ut mellom kommunar.

Utdanningsdirektoratet har i høyringsskrivet gjort greie for korleis dei meiner val av finansieringsmodell kan påverke eigarstrukturen i barnehagesektoren og i kva grad omsynet bak rammefinansiering er teke i vare. Det er og vurdert andre konsekvensar.

Spørsmål 1: Kva finansieringsmodell ynskjer de? Grunngi kvifor.

Svaralternativa er:

Vidareføring av dagens modell,

Nasjonal sats med lokal justering.

Meland kommune svarar alternativ 1:

Meland kommune vil tilrå Nasjonal sats med lokal justering

Grunngjevinga for dette er at når kapitaltilskot er fastsett etter nasjonal sats og det vert innført bemanningsnorm, er det igjen svært liten fleksibilitet i tilskotet. Meirarbeidet som følg med lokal utrekning av sats kan ikkje lenger forsvarast. Når berre ca 14 prosent av tilskotet kan påverkast lokalt fell argumentet for rammestyring bort.

Vi legg til grunn at kommune gjennom rammefinansiering eller øyremerka tilskot får kompensasjon for faktiske utgifter til likebehandling av kommunale og ikkje kommunale barnehagar. Dagens kostnadsnøkkel fangar ikkje godt nok opp kommunen sitt utgiftsbehov på området. Så lenge barnehage er ei kommunal teneste må tilskotet gjenspegle kva det kostar kommunen å ha ei fagleg god barnehageteneste, uavhengig av kven som yt tenesta.

Meland kommune svarar alternativ 2:

Meland kommune går inn for å vidareføre dagens modell.

Grunngjevinga for dette er at dagens modell harmoniserer best med prinsippa om rammestyring. Dersom kommunane skal ha reell styring med eiga ramme må ein kunne påverke utgiftsnivået lokalt.

Felles endringar for begge finansieringsmodellane

I det vidare vert det presentert framlegg til endringar samanlikna med dagens regelverk. Desse endingane vil vere uavhengig av val av modell.

Pensjon og kapital

Det er særleg to delar av tilskotsutrekninga som har ført til skeivskapar i finansieringa av ikkje-kommunale barnehagar. Det gjeld kapitaltilskot og pensjonsdelen av drifttilskotet.

I dag vert det ikkje korrigert for pensjon når tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert rekna ut. Ein del private barnehagar har lågare pensjonskostnader enn kommunale. Direktoratet har i høyringsbrevet sett på korleis pensjon kan gjerast meir treffsikker enn i dag.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at kommunane skal gje påslag for pensjonsutgifter på ein viss prosent av samla lønnskostnader, etter at pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift på pensjon er trekt frå. Vidare skal kommunen leggje arbeidsgjevaravgift på påslaget. Direktoratet sitt framlegg er å setje påslaget til 14 % i forskrift. Vidare gjer dei framlegg om at det vert vurdert ei skjønnsbasert søknadsordning for barnehagar med sær høge pensjonsutgifter i 2015.

Spørsmål 2: Støttar de vårt framlegg om å gje påslag for pensjonsutgifter? Grunngi kvifor.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om å gje påslag for pensjonsutgifter.

Vi meiner dette best gjenspeglar ulikskapar i kostand. Sjølv om både kommunale og private barnehagar har ytelsepensjon gjer regelverket at kommunane jamt over har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn private barnehagar.

Spørsmål 3: Støttar de framlegget om søknadsbasert ordning for barnehagar med sær høge pensjonsutgifter? Grunngi kvifor.

Departementet ynskjer og innspel til andre måtar å organisere ei eventuell søknadsordning for pensjonsutgifter på.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at det vert ei søknadsbasert ordning for barnehagar med sær høge pensjonsutgifter.

Grunngjevinga for dette er at dette berre vil gjelde ei fåtal barnehagar. Det er viktig å ha ordningar som gjer at reelle pensjonskostnader vert kompensert.

Kapitalkostnader

Utdanningsdirektoratet rår til at kapitaltilskot berre vert rekna ut frå nasjonal sats pr plass og opphaldstid fastsett i forskrift. Vidare gjer direktoratet framlegg om at kapitaltilskotet vert gitt likt for 3 år.

Utdanningsdirektoratet rår til at kommunane gir kapitaltilskot til godkjende private barnehagar pr heildagsplass ut frå ein minimumssats. Alle private barnehagar er garantert minimumstilskotet. Dersom barnehagen har vesentlig høgare kapitalkostnader enn minimumssatsen og godkjenning frå kommunen som etter forskrift gir høgare kapitaltilskot, skal barnehagen få tilskotssats tilsvarande sats i godkjenningåret som fastsett i forskrift.

Spørsmål 4: Støttar de at kapitaltilskot berre vert rekna ut frå nasjonal sats? Grunngje kvifor.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at kapitaltilskot berre vert rekna ut etter nasjonal sats.

Nasjonal sats vil utjamne ulike kapitalkostnader mellom nye og eldre barnehagebygg. Meir reell kompensasjon av kapitalkost ut frå alderen på bygget vil hindre at barnehagen må bruke driftstilskot til å dekkje kapitalutgifter.

Spørsmål 5: Er de samde i at kapitaltilskot vert gitt likt for 3 år? Grunngi kvifor.

Svaralternativa er :

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at kapitaltilskotet vert gitt likt for 3 år.

Likt tilskot for tre år vil gje meir føreseieleg kapitaltilskot. Ved å rekne ut kapitaltilskotet likt for tre år unngå vi kraftige svingingar mellom einskild år.

Spørsmål 6: Kva metode meiner de er best eigna til å rekne ut kapitaltilskotet? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Godkjenningssår

Byggjeår

Meland kommune svarar:

Meland kommune meiner godkjenningssår er best eigna til å rekne kapitaltilskot ut frå.

Grunngjevinga for dette er at det er godkjenninga frå kommunen som utløyser rett til tilskot.

Familiebarnehagar

Direktoratet gjer framlegg om at kommunen brukar nasjonal sats både for drifts- og kapitaltilskot for familiebarnehagar. Direktoratet rår til at dei nasjonale satsane for driftstilskot og kapitaltilskot til familiebarnehagar vert utrekna som i dag, men slik at påslaget for sosiale kostnader i satsen for drift vert redusert frå 30 til 20 prosent og at satsen vert endeleg fastsett på grunnlag av arbeidsgjevaravgifta i kommunen.

Spørsmål 6: Støttar de at tilskot til familiebarnehagar berre vert rekna ut frå nasjonal sats? Grunngje svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at tilskot til familiebarnehagar berre vert rekna ut frå nasjonal sats.

Det er same ordning vi har i dag. Denne fungerer greitt etter vår erfaring.

Opne barnehagar

Då vi ikkje har slike barnehagar hoppar eg over dette spørsmålet (spørsmål 8).

Refusjon

Kommunen skal tilby barnehageplass til alle barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen. I nokre tilfeller vel foreldre å nytte privat barnehageplass i andre kommunar. Det er den kommunen der barnehagen ligg som gir tilskot, så lenge opptakskriteria for barnehagen er lagt til grunn ved antall av barn. Dette gjeld og dersom barna er heimehøyrande i andre kommunar. Det er rimeleg at heimkommune i slike tilfeller gir kompensasjon til vertskommunen.

I dei tilfeller der barna ikkje er folkeregisterført i same kommune som dei bur, oppstår spørsmålet om kva kommune som skal vere refusjonspliktig.

I dag er det kommune der barnet faktisk bur som har plikt til å tilby plass etter barnehagelova § 12 a. Det er derimot kommunen der barnet er folkeregisterført som får pengar i rammetilskotet.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om å vidareføre ein regel om refusjon. Dei gjer imidlertid framlegg om at det er den kommunen der barnet er folkeregisterført som har refusjonsplikta. Dette er ikkje alltid same kommune der barnet faktisk er busett.

Spørsmål 9: Støttar de framlegget om at det er den kommunen der barnet er folkeregisterført som har refusjonsplikta? Grunnge svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om at det er kommunen der barnet er folkeregisterført som har refusjonsplikta.

Det er rimeleg at den kommunen som mottek overføringa for barnet og tek utgifta.

Auke av minimumssats

I dag er private barnehagar sikra minimum 98 prosent av det tilsvarande kommunale barnehagar får i tilskot. Utdanningsdirektoratet meiner det kan vere tenleg å heve minimumssatsen samstundes med innføring av ny forskrift om tilskot til barnehagar. Det vert tilrådd at minimumssatsen vert heva til 100 prosent frå 2016.

Spørsmål 10: Støttar de framlegget om å ikkje vidareføre ein regel om minimumssats? Grunnge kvifor.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at tilskotssatsen vert heva til 100 prosent.

Det har heile tida vore intensjon å likestille kommunale og private barnehagar økonomisk.

Vidareføring av dagens modell

Det vert presentert ei vidareutvikling av dagens finansieringsmodell, som tek utgangspunkt i drifts- og kapitalkostnadene i den einskilde kommune. Føremålet med framlegget er å gjere det enklare samt å treffe betre i utrekninga av tilskot.

Forskrift om tilskot til barnehagar § 1 inneheld formål og virkeområde for forskrifta. Formålet om likeverdig handsaming føl av barnehagelova § 14 tredje ledd. Dersom kommunane før reglane i forskrifta er kravet til likeverdig handsaming i § 14 tredje ledd oppfylt. Forskrifta skal berre syte for at tildelinga føl reglane som er teke inn i forskrifta. Det er difor ikkje naudsynt å angi føremålet i forskrifta.

Utdanningsdirektoratet gjer difor framlegg om ikkje å vidareføre reglane om formål og virkeområde.

Spørsmål 11: Er de samde i framlegget om ikkje å vidareføre reglane om formål og virkeområde? Grunnge svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje vidareføre reglane om formål og virkeområde.

Formål og virkeområdet går fram av lova og treng ikkje takast opp igjen i forskrifta.

Ordinær drift

I forskrift om tilskot til barehagar § 3 første ledd står det at det kommunale tilskotet som private barnehagar mottak «skal dekke kostnader til ordinær drift i barnehagen som ikkje dekkes av andre offentlige tilskudd og foreldrebetaling». Med «ordinær drift» er det meint drifts-, kapital-, og administrasjonskostnader, jf. første ledd andre punktum.

Utdanningsdirektoratet har opplevd at omgrepet «ordinær drift» vert gitt ei tyding ut over at det er eit samleomgrep for drift-, kapital- og administrasjonskostnader, og at det er stor variasjon med omsyn til kva som vert lagt i omgrepet. Dei meiner difor at omgrepet ikkje er oppklarande, men heller medverkande til å auke risikoen for feil i utrekninga av tilskot.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om å ikkje vidareføre omgrepet «ordinær drift» frå slik forskrifta § 3 første ledd er i dag i ei ny forskrift.

Spørsmål 12: Støttar de framlegget om å ikkje føre vidare omgrepet «ordinær drift» i ny forskrift? Grunnge svaret.

Svaralternativa er

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommunen svarar:

Meland kommune støtter framlegget om ikkje å vidareføre omgrepet «ordinær drift».

Grunngjevinga er at omgrepet ikkje synes å vere naudsynt.

Kravet til forsvarleg sakshandsaming i kommunen

Kommunen si «dokumentasjonsplikt» står i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §§ 2, 4 og 5. Krava er dei same som før av forvaltningslova §§ 24 og 25. Vidare gjeld reglane i forvaltningslova §§ 17 og 18. Det er ikkje heldig dersom krava til «dokumentasjonsplikt» fører til at kommunar og private barnehagar føretek andre vurderingar enn dei som gjeld etter forvaltningslova. Dokumentasjonsplikta er vidare omtalt i tre ulike reglar i dagens forskrift. Dette kan føre til at omfanget av plikten vert uklare for brukar.

Direktoratet gjer framlegg om å behalde ein regel som gjer det tydeleg at kommunane har plikt til å fylgje krava om forsvarleg sakshandsaming etter forvaltningslova.

Spørsmål 13: Støttar de framlegget om å halde på ein regel om kommunen si plikt til forsvarleg sakshandsaming etter forvaltningslova? Grunnge svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om å halde på ein regel om kommunen si plikt til forsvarleg sakshandsaming etter forvaltningslova.

Forvaltningslova gjeld for all offentleg verksemd og det er avgjerande at sakshandsamarar kjenner til krava i denne. Dersom sakshandsamingsreglar skal spesifiserast i alle særlover riv dette grunnen ut av forvaltningslova. Dette er både uheldig og unødvendig.

Barnehagar med høge driftskostnader – 25 prosent regelen

I forskrift om tilskot til private barnehagar § 4 fjerde punkt heiter det at «*kommunale barnehagar med driftskostnader som er minimum 25% høgare gjennomsnittlege driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehagar, kan haldast utanfor grunnlaget for utrekning*». Dette vert i det fylgjande omtala som 25 prosent-regelen.

Det er både føremoner og ulemper knytt til denne regelen. Direktoratet er usikker på kor mykje denne regelen vert nytta i praksis.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om å ikkje vidareføre 25 prosent-regelen.

Spørsmål 14: Er de samde i forslaget om å ikkje vidareføre 25 prosent-regelen? Grunngje svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samd i framlegget med å ikkje vidareføre 25 prosent-regelen.

Siktemålet med rammefinansiering er effektiv kommunal drift. Det bør difor i så liten grad som mogeleg vere reglar som motverkar at kommunane effektiviserer drifta si.

Mellombelse barnehagelokaler

Det er i dag ein regel om at kommunen kan halde alle inntekter, kostnader og barnetal i mellombelse lokaler utanom utrekninga av tilskot. Regelen er heimla i rundskriv og er ikkje teke inn i forskrifta. Regelen var praktisk i ei tid då kapasiteten i sektoren var låg, og det var eit mål å få opp denne. Regelen er i dag ikkje like praktisk. På dette grunnlag gjer utdanningsdirektoratet framlegg om at det ikkje skal vere særskilde reglar for barnehagar i mellombelse lokaler. Barnehagar i mellombelse lokaler skal vere med i kommunen sitt utrekning av tilskot på same måte som andre barnehagar.

Spørsmål 15: Støttar de framlegget om at det ikkje skal vere særskilde reglar for barnehagar i mellombelse lokalar? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om at det ikkje skal være særskilde reglar for barnehagar i mellombelse lokaler.

Grunngjevinga er at vi meiner det er viktig å avgrense talet på særreglar. Det er og eit poeng at kapasiteten i sektoren no er god, og behovet for mellombelse lokalar difor er redusert.

Ekstra tilskot

I forskrifta § 5 femte ledd er det presisert at «*kommunen kan gi ekstra tilskudd til kapitalkostnader til ikkje-kommunale barnehager med høye kapitalkostnader*». Bakgrunnen for denne regelen er at det kan være store variasjonar i kapitalkostnader mellom barnehagane.

Det er presisert at dersom kommunen gir ekstra tilskot så skal det gjerast ei forsvarleg sakshandsaming der forvaltningslova og alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp skal fylgjast og leggjast til grunn. Kommunen må syte for at krav til sakleg handsaming, rimeleg handsaming og lik handsaming vert føljt i kvart tilfelle. Regelen må og sjåast i samanheng med at forskrifta ikkje regulerer likehandsaming mellom dei ulike private barnehagane.

Regelen syner at kommunen kan gi tilskot ut over minimumsatsen. Men slik regelen står kan den og skape inntrykk av at den er noko anna, enn kommunen sitt generelle høve til å gi løyving ut over det som føl av lov og forskrift. Den kan gi inntrykk av at ekstraløyving til kapitalkostnader skal fylgje andre reglar enn det som gjeld for andre løyvingar.

Med den nye måten å rekne kapitaltilskot på vil kommunen ha ein meir treffsikker modell, og gjeldane regel vert difor mindre aktuell.

Direktoratet gjer framlegg om at regelen ikkje vert vidareført. Dette inneber ikkje noko realitetsendring sidan kommunen framleis kan gi ekstra løyving til private barnehagar, både til kapitalkostnader og driftskostnader, så lenge dette føl alminnelige forvaltningsmessige reglar.

Spørsmål 16: Støttar de framlegget om ikkje å vidareføre regelen om ekstra tilskot? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje vidareføre regelen om ekstra tilskot.

Grunngjevinga er at ved å endre på regelen for fastsetjing av kapitaltilskot vi dette bli meir treffsikkert og betre fange opp barnehagar med høge kapitalutgifter. Kommunen vil uansett ha høve til å gi ekstratilskot og det er såleis ikkje naudsynt med ein eigen regel om ekstratilskot til kapitalutgifter.

Vedtak om sats

Etter den forskrifta som gjeld i dag skal kommunen utan ugrunna opphald fatte vedtak om tilskot etter at barnetalet i dei private barnehagane er klart, jf. forskrifta § 8.

Det tidlegaste tidspunktet kommunen kan rekne ut satsane til private barnehagar vil være i samband med fastsetjing av kommunerekneskapen for to år gamle rekneskap. Satsane for 2016 kan såleis tidlegast reknast ut når rekneskapen for 2014 er fastsett.

Dersom det skal innførast eit krav om tidspunkt for når satsane skal vedtakast bør dette setjast til 31. oktober året før tilskotsåret. Det gir kommunane nok tid til å rekne ut og å vedta satsane, og føreseielege rammer for dei private barnehagane. Det må gå tydeleg fram av vedtaket at satsane vil bli regulert mot endeleg sats for foreldrebetaling når denne ligg føre.

Krava i forvaltningslova vil gjelde fullt ut for vedtak etter framlegget til ny forskrift. Når kommunen vedtek lokale satsar, er dette eit vedtak etter forvaltningslova. Sidan vedtak om sats er svært viktig for private barnehagar, meiner direktoratet at alle vedtak om sats bør handsamast som einskildvedtak. Dei vurderer det slik at ein klagerett allereie på vedtak om fastsetjing av sats, kan medverke til at klagehandsaming på tilskot til private barnehagar kan bli avslutta tidlegare enn i dag.

Direktoratet meiner at det er viktig at eventuell klagehandsaming på vedtak om sats føl dei same reglane som ved tildeling av tilskot. Dei gjer difor framlegg om at dei private barnehagane skal ha klagerett til fylkesmannen også på vedtak om sats.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at det vert stilt krav om at kommunen må vedta satsane for driftstilskot innan 31. oktober i året før driftstilskotet. Dersom kommunen skal bruke nasjonal sats for driftstilskot, må det fattast vedtak om dette innan same dato. Skal kommunen rekne ut satsen sjølv, må den justerast for foreldrebetaling når vedtak om tilskot vert fatta i tilskotsåret.

Direktoratet gjer og framlegg om at det vert gitt klagerett til fylkesmannen på vedtak om satsar for driftstilskot.

Spørsmål 17: Er de samde i at fristen for vedtak om sats bør være 31. oktober i året før tilskotsåret? Grunngi svaret.

Svaralternativa er

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om at vedtak om sats vert sett til 31. oktober året før tilskotsåret.

Dette vil gi føreseielege rammer for private barnehagar.

Spørsmål 18: Støttar de framlegget om klagerett? Grunngi svaret.

Svaralternativa er

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om klagerett.

Klagerett er eit viktig forvaltningsmessig prinsipp. Det gjer vedtaket tryggare både for kommunen og dei private barnehagane.

Vilkår

Det går fram av forskrifta § 9 at kommunen «*kan sette rimelige og relevante vilkår knyttet til barnehagedriften for kommunalt tilskudd.*» Slikt vilkår kan berre setjast for tilskot som går ut over det minimumstilskotet kommunen har plikt til å yte etter forskrifta. Regelen kan likevel misstyddast. Ordlyden kan lesast som om kommunen har høve til å stille vilkår ved heile tilskotet.

Direktoratet er av den oppfatning at regelen er eigna skape ein usikker situasjon kring kommunen sitt høve til å bruke vilkår. Dei gjer difor framlegg om ikkje å vidareføre regelen i ny forskrift. Kommunen vil likevel framleis ha høve til å stille vilkår, med heimel i den ulovfesta læra om vilkår.

Spørsmål 19: er dei samde i framlegget om ikkje å vidareføre regelen om å setje vilkår? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje vidareføre regelen om å setje vilkår.

Dette er i dag ein regel med lita praktisk nytte. Eit vilkår er i realiteten vanskeleg å kontrollere.

Teljing og rapportering av barn

I dag vert barnetalet rapportert inn 15.12 både i kommunale og private barnehagar som del av årsmeldingsrapporteringa. For at kommunen skal kunne rekne ut tilskotssatsar må kommunen i tillegg til rekneskapsstala, ha tal barn i kommunale barnehagar i rekneskapsåret. Grunne til dette er at kommune skal finne ut kva ein heildagsplass i kommunal barnehage kostar i rekneskapsåret.

Normalt nyttar kommunen eit vekta gjennomsnitt av årsmeldingane frå året før rekneskapsåret og frå rekneskapsåret. Årsmelding frå året før rekneskapsåret vert vekta med 7/12 og årsmelding frå rekneskapsåret med 5/12. Dette tek omsyn til at den største endringa i barnetal normalt kjem ved nytt barnehageopptak i august.

Tilskot til private barnehagar vert rekna ut for eit år av gangen på grunnlag av rapport frå private barnehagar pr 15. desember. Det er unntaksreglar for stor aktivitetsendring i året. I slike tilfeller kan tilskotet bli rekna ut på nytt. Det nye tilskotet gjeld då framover til neste rapportering eller store aktivitetsendringar.

Teljing i kommunale barnehagar og rapportering i private barnehagar har ulikt føremål. Føremålet med å telje barn i kommunale barnehagar er å finne ut kva ein heildagsplass har kosta i rekneskapsåret. Dette vert nytta i utrekninga av tilskot til private barnehagar i tilskotsåret, som er to år etter rekneskapet.

Føremålet med rapportering av barn i private barnehagar er at kommunen skal kunne fatte vedtak som tek høgde for endringar i private barnehagar gjennom tilskotsåret.

Til tross for at teljing av barn i kommunale barnehagar og rapportering av barn i private barnehagar har ulike føremål, meiner some at desse tidspunkta bør vere samanfallande. Direktoratet meiner behovet for å ha like rapporteringstidspunkt ikkje er til stades, då det er gode nok mekanismar i systemet til å fange opp endringar i private barnehagar. Utdanningsdirektoratet gjer difor ikkje framlegg om at det vert stilt krav om likt rapporteringstidspunkt.

Spørsmål 20: Støttar de framlegget om at det ikkje vert stilt krav om likt rapporteringstidspunkt? Grunngi kvifor.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om at det ikkje vert stilt krav om likt rapporteringstidspunkt.

Grunngjevinga er at teljing og rapportering har to ulike føremål.

Teljing av barn i kommunale barnehagar

Ei ulempe med å bruke vekta gjennomsnitt av to årsmeldingar er at årsmeldinga frå året før rekneskapsåret ikkje fangar opp alle endringar i barnetal. Dersom kommunane meiner at vekta gjennomsnitt av årsmeldingane ikkje syner den faktiske aktiviteten i dei kommunale barnehagane gjennom året, kan kommunen rekne ut gjennomsnittleg barnetal gjennom å ha egne teljingar.

Uavhengig av korleis kommune reknar på barnegruppa i egne barnehagar er det viktig at utrekningane fangar opp at dei fleste endringane i dei kommunale barnehagane skjer ved oppstart av nytt barnehageår i august.

For å sikre private barnehagar føreseieleg finansiering og redusere den administrative børa for kommunen, vert det gjort framlegg om å avgrense talet på måtar å rekne gjennomsnittleg barnetal til to.

Den eine modellen dirketoratet gjer framlegg om er gjennomsnittleg barnetal ved å bruke vekta gjennomsnitt av to årsmeldingar. Den andre er egne teljingar.

Spørsmål 21: Er de samde i framlegget til utrekning av gjennomsnittleg barnetal i kommunale barnehagar? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samde i framlegget til utrekning av gjennomsnittleg barnetal i kommunale barnehagar.

Dette er ein velprøvd modell som har fungert godt.

Spørsmål 22: Bør gjennomsnittsutrekninga berre gjerast med bruk av to årsmeldingar? Grunni svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune meiner gjennomsnittsutrekninga berre bør gjerst ved bruk av to årsmeldingar.

Årsmeldingane er offisielle og objektive tal. det er viktig at det er ein metode som vert lagt til grunn, og at denne er anerkjent og akseptert.

Rapportering av barn i private barnehagar

Direktoratet gjer framlegg om ei vidareføring av ordninga der tilskot til private barnehagar vert rekna ut for eit år av gangen på grunnlag av dei private barnehagane si rapportering pr 15. desember. Ordninga med at kommunane kan fastsetje eigne rapporteringar av barn i private barnehagar i lokale retningsliner heldt fram. Det same gjeld regelen om at store aktivitetsendringar utløyser ny utrekning av tilskot. Det vert og gjort framlegg om at barn som fyller tre år i løpet av tilskotsåret vert rekna som under eller over tre år avhengig av om barnet vert rapportert i løpet av dei sju første eller fem siste månadene i året.

Spørsmål 23: Er de samde i framlegget om rapportering av barn i private barnehagar? Grunngi kvifor.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samde i framlegget om rapportering av barn i private barnehagar.

Dett er ein velprøvd modell som har fungert godt.

Spørsmål 24: Støttar de framlegget om at barn som fyller tre år i løpet av tilskotsåret, vert rekna under eller over tre år, avhengig av om barnet vert rapportert i løpet av dei sju første eller fem siste månadene i året? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om at barn som fyller tre år i løpet av tilskotsåret, vert rekna under eller over tre år, avhengig av om barnet vert rapportert i løpet av dei sju første eller fem siste månadene i året.

Det er ei føremon at teljing av barn over og under tre år i løpet av året vert gjort likt, og til likt tidspunkt.

Klage

Klage er i dag regulert i forskrifta § 12. Regelen gir private barnehagar rett til å klage på vedtak om kommunalt tilskot til fylkesmannen.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at det vert gitt klagerett til fylkesmannen på vedtak om sats, vedtak om tilskot og vedtak om tilbakebetaling av tilskot. Fylkesmannen skal vere klageinstans også for vedtak etter § 4 andre ledd (pensjon) og § 6 andre ledd (kapital).

Spørsmål 25: Støttar de framlegget om klagerett? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om klagerett.

Klagerett gir rettstryggleik for barnehageeigar og legitimitet for kommunen.

Kommunesamanslåing

Direktoratet gjer framlegg om at dei tidlegare kommunane sine rekneskap og barnetal skal være grunnlag for utrekning av tilskot til barnehagen i desse kommunane fram til to år etter at kommunesamanslåinga er gjennomført.

Spørsmål 26: Støttar de framlegget om tilskotsutrekning og kommunesamanslåing? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget.

Så lenge tilskotet skal baserast på to år gamle rekneskap er dette den mest praktiske måten å rekne ut tilskotet på i ein overgangsfase.

Spørsmål 27: Kva andre utfordringar med kommunesamanslåing og utrekning av tilskot bør det takast omsyn til i overgangsperioden? Grunngi kvifor.

Meland kommune svarar:

Dersom bruk av to år gamle rekneskap i dei gamle kommunane vart lagt til grunn kan dette føre til ulike vilkår for private barnehagar internt i den nye kommunen. Dette vil vere uheldig og ein bør sjå på om dette er noko som kan og bør kompensast.

Nasjonal sats

Modellen for finansiering av private barnehagar som vert presentert her er ein nasjonal sats med lokal justering i den einskilde kommune. I korte trekk går modellen ut på fylgjande:

Det vert fastsett ein nasjonal sat i forskrift om tilskot til barnehagar som alle kommunar skal bruke som utgangspunkt for utrekning av tilskot. Satsen tek utgangspunkt i gjennomsnittlege kostander i kommunale barnehagar på landsbasis.

Den einskilde kommune justerer satsen ut frå tilsette og arbeidsgjevaravgift.

Den nasjonale satsen skal kvart år reknast ut på nytt for komande år. Endring i satsen vil føre til endring i forskrift. Endringa vart sendt ut på høyring.

I tillegg til satsen skal kommunane betale ut kapitaltilskot som tidlegare omtala.

Utdanningsdirektoratet meiner at metoden som i dag vert nytta for å rekne ut nasjonal sats vil gi eit godt utgangspunkt for ein framtidig modell med nasjonal sats.

Spørsmål 28: Støttar de framlegget om å rekne ut ein nasjonal sats med utgangspunkt i den måten ein reknar nasjonal sats på i dag? Gunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar at måten nasjonal sats vert rekna ut i dag vert lagt som eit utgangspunkt.

Grunngjevinga er at det synes som om modellen har fungert godt og gir eit rett bilde av dei gjennomsnittlege kostandene i sektoren. Like tenester bør finansierast likt.

Eigen sats for Oslo

Spørsmål 29: Bør satsen for Oslo reknast særskild? Grunngi svaret.

Dette spørsmålet føler eg vi ikkje har føresetnader for å svare på.

Lokal justering

Ein nasjonal sats tek ikkje omsyn til lokale tilhøve i kommunen som påverkar fastsetjinga av tilskot. For at kommunar skal kunne påverke tilskotet til dei private og for at det skal vere likeverdige føresetnader for kommunal og privat barnehagedrift i den einskilde kommune, må satsane justerast

lokalt.

Det er vurdert ulike faktorar som kan tenkjast å påverke tilskotssatsane. Direktoratet meiner det er fornuftig å gjere lokale tilpassingar ut frå tal tilsette (bemanningstetthet), ettersom tal tilsette er den største kostnadsdrivaren på ca 86 prosent. Arbeidsgjevaravgift vil variere mellom kommunar og nivået på den vil direkte påverke kostanden til kommunane.

Andre faktorar vil ikkje påverke satsen i same grad.

Spørsmål 30: Støttar de framlegget om at den lokale justeringa av nasjonal sats vert basert på talet på tilsette og arbeidsgjevaravgift i kommunen? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar de framlegget om at den lokale justeringa av nasjonal sats vert basert på talet på tilsette og arbeidsgjevaravgift i kommunen.

Så lenge det ikkje er fastsett ei nasjonal norm for bemanning meiner vi det er rett å ha lokal korrigerer av dette. Vi meiner og det må korrigerast for arbeidsgjevaravgift då denne varierer mellom kommunane.

Rapportering av barn i barnehagane

Med nasjonal sats vert det framleis naudsynt med rapportering av barn i private barnehagar.

Direktoratet gjer framlegg om å føre vidare ordninga der tilskot til private barnehagar vert rekna ut for eit år om gangen basert på rapporteringa pr 15. desember.

Spørsmål 31: Er de samde i framlegget om rapportering? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samd i framlegget om rapportering.

Rapportering pr 15.12 er ei ordning både private barnehagar og kommune er vel kjende med.

Kravet til forsvarleg sakshandsaming i kommunen

Slik forskrifta er i dag vert det vist til kommunen si «dokumentasjonsplikt». Dokumentasjonsplikta er eit utslag av krava til forsvarleg sakshandsaming i forvaltningslova. Kommunane må oppfylle krava i forvaltningslova, uavhengig av kor dei hentar tala sine frå. Etter direktoratet sitt syn er det ikkje nødvendig å påpeike dokumentasjonsplikta i forskrift så lenge det er klart at forvaltningslova gjeld.

Direktoratet gjer difor framlegg om ikkje å vidareføre ein regel som uttrykkjer kommune si plikt etter forvaltningslova.

Spørsmål 32: Støttar de framlegget om ikkje å vidareføre ein regel om kommune sine plikter etter forvaltningslova? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om ikkje å vidareføre ein regel om kommune sine plikter etter forvaltningslova.

Grunngjevinga er at forvaltningslova gjeld all kommunal verksemd, og det er difor ikkje naudsynt å gjenta denne plikta i særlov og forskrift. Dette undergrev meir enn det styrkjer forvaltningslova.

Klage

Etter forskrifta § 12 har private barnehagar rett til å klage på tildelinga av kommunalt tilskot til fylkesmannen. Klagen skal rettast til kommunen.

Eit vedtak om tilskot kan få store konsekvensar for ein privat barnehage. Ein rett til å få vedtak om tilskot prøvd gir ein rettstryggleik for den eigar av private barnehagar. Det gir og legitimitet til kommunen som tilskotsorgan.

Sjølv med ei ordning med statleg sats vil det vere reglar som sikrar at barnehagar med høge pensjonsutgifter og høge kapitalutgifter kan søkje om å få ekstra tilskot. Avhengig av når barnehagen søkjer og kommunen si sakshandsamingstid, kan kommunen avgjere søknaden om auka tilskot i det ordinære vedtaket om tildeling eller ei eige vedtak. Dette vedtaket vil være eit enkeltvedtak.

Direktoratet meiner og at kommune sitt vedtak om tilbakebetaling av tilskot skal kunne klagast på til fylkesmannen.

Spørsmål 33: Er de samde i framlegget om klagerett? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samd i framlegget om klagerett.

Klagerett gir rettstryggleik for barnehage eigar og legitimitet for kommune som barnehagemynde.

Fråtrekk frå offentleg økonomisk stønad

Det går fram av forskrifta i dag § 3 første ledd at tilskot skal dekkje kostander til drift som ikkje vert dekkja av andre offentlig stønad.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at det vert gjort fråtrekk som tilsvara anna offentlig tilskot og økonomisk stønad som dekkjer barnehagen si drift, administrasjon- og kapitalkostnader.

Spørsmål 34: Støttar de framlegget om fråtrekk? Grunngi svaret.

Svaralternativa er.

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget om fråtrekk.

Grunnen er at ei og same utgift ikkje skal kompenseras fleire gangar.

Teljetidspunkt

For at kommunen skal få tal for bemanningsfaktor må dei telje barn og tilsette i kommunale barnehagar.

Utdanningsdirektoratet gjer framlegg om at bemanning i kommunale barnehagar vert dokumentert ved at barnegruppa og tilsette i årsmeldinga frå pret før rekneskapsåret vert vekta med 7/12 og årsmelding i rekneskapsåret vert vekta med 5/12. det vert nytta same metode for å finne nasjonale tal for bemanning.

Spørsmål 35: Er det samde i framlegget til metode for å finne tal for bemanning i kommunale barnehagar? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune er samd i framlegget til metode for å finne tal for bemanning i kommunale barnehagar.

Det er viktig at same metode vert nytta nasjonalt og lokalt.

Kommunesamanslåing

Direktoratet gjer framlegg om ei overgangsordning der tal for bemanning i dei tidlegare kommunane skal vere grunnlaget for den lokale justeringa av nasjonal sats i desse kommunane til to år etter at kommunesamanslåinga er gjennomført.

Spørsmål 36: Støttar de framlegget til overgangsregel? Grunngi svaret.

Svaralternativa er:

Ja

Nei

Veit ikkje

Meland kommune svarar:

Meland kommune støttar framlegget til overgangsreglar.

Grunngjevinga er at tala frå dei gamle kommunane vil vere det beste ein har å gå ut frå fram til ein har tal for den nye kommunen.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Det vil vere økonomiske konsekvensar knytt til nye modellar for utrekning av tilskot. Dei største økonomiske konsekvensane som følgjer av endingar på minimumssats, kapitaltilskot og pensjonsutrekning er rekna til å vere om lag lik for dei to modellane. Eventuelle andre økonomiske konsekvensar av modellane er rekna til å vere mindre samanlikna med dei som er nemnd eller svært usikker.

Spørsmål 37: Har de innvendingar eller andre innspel til økonomiske konsekvensar?

Meland kommune svarar:

Vi har ikkje innvendingar til det som kjem fram i høyringsbrevet.

Kommunar som i dag nyttar statleg sats vil få litt meir administrasjon. Kommunar som reknar ut satsen sjølv, litt mindre administrasjon.

Det å fastslå kva år som skal vere utgangspunkt for private barnehagar sitt tilskot kan bety noko meir administrasjon.

Sjølv korrigeringa for pensjon er ikkje rekna å gje meir administrasjon. Individuell søknad om auka tilskot frå private barnehagar kan gi meirarbeid. Det same gjeld klageretten.

Spørsmål 38: Har de innvendingar eller andre innspel til administrative konsekvensar?

Meland kommune svarar:

Vi har ikkje innvendingar til det som kjem fram i høyringsbrevet

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Høyringa vert med dette lagt fram for politisk handsaming

Framlegg til vedtak:

Meland kommune gir høyringsuttale til ny forskrift om finansiering av private barnehagar i tråd med saksutgreiinga.

Formannskapet - 84/2015**FS - behandling:****FS - vedtak:**

Meland kommune gir høyringsuttale til ny forskrift om finansiering av private barnehagar i tråd med saksutgreiinga.

Meland kommune svarar alternativ 1:

Meland kommune vil tilrå Nasjonal sats med lokal justering

Grunngjevinga for dette er at når kapitaltilskot er fastsett etter nasjonal sats og det vert innført bemanningsnorm, er det igjen svært liten fleksibilitet i tilskotet. Meirarbeidet som følg med lokal utrekning av sats kan ikkje lenger forsvarast. Når berre ca 14 prosent av tilskotet kan påverkast lokalt fell argumentet for rammestyring bort.

Vi legg til grunn at kommune gjennom rammefinansiering eller øyremerka tilskot får kompensasjon for faktiske utgifter til likebehandling av kommunale og ikkje kommunale barnehagar. Dagens kostnadsnøkkel fangar ikkje godt nok opp kommunen sitt utgiftsbehov på området. Så lenge barnehage er ei kommunal teneste må tilskotet gjenspegle kva det kostar kommunen å ha ei fagleg god barnehageteneste, uavhengig av kven som yt tenesta.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Mette Marei Træland | FE - 223, FA - A10 | 15/1702 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 85/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Ekstraordinære tilskotsmidlar i 2015 til ordinære private barnehagar, til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune vedtok i budsjett for 2015 å løyve 5 millionar kronar i ekstraordinært tilskot ut over det tilmålte minimumstilskotet som følgjer av barnehageloven og tilhøyrande forskrifter og rundskriv til ordinære private barnehagar i Meland kommune. Detaljer for korleis dette minimumstilskotet vert rekna ut framgår av:

«Rundskriv Udir72014: Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikkje-kommunale barnehager (publisert: 18.09.2014, sist endret: 23.09.2014)»

Frå rundskrivet kan vi nemne følgjande:

«§ 1 Formål og virkeområde

Forskriften skal sørge for at godkjente ikkje-kommunale barnehager behandles likeverdig med kommunale barnehager ved tildeling av offentlige tilskudd. Forskriften gjelder ved kommunens tildeling av tilskudd til godkjente ikkje-kommunale barnehager etter barnehageloven § 14 første og andre ledd.

Til § 1:

Første ledd

Paragrafen angir forskriftens formål og virkeområde, og må leses i nær sammenheng med barnehageloven § 14. Formålet med forskriften er å sørge for at godkjente ikkje-kommunale barnehager blir behandlet likeverdig med de kommunale barnehagene ved tildeling av kommunalt tilskudd etter forskriften.

Forskriften regulerer ikke likebehandling mellom de enkelte ikkje-kommunale barnehagene. Kommunens adgang til å yte tilskudd utover forskriftens rammer følger av forvaltningsloven og de alminnelige forvaltningsrettslige regler om saklighet, rimelighet og likebehandling. Dersom kommunen ønsker å tildele enkeltbarnehager tilskudd utover det som følger av forskriften, må kommunen kunne begrunne hvorfor de ønsker å tilgodese den bestemte barnehagen. Bakgrunnen for dette er det forvaltningsrettslige prinsippet om ikke å foreta usaklig forskjellsbehandling.

Andre ledd

Virkeområdet til forskriften er uttømmende bestemt i andre ledd. Forskriften gjelder ved tildeling av kommunalt tilskudd til ordinær drift i godkjente ikkje-kommunale barnehager etter 1. januar 2011.

Forskriften regulerer kommunens plikt til å gi tilskudd etter barnehageloven § 14 første ledd, og der kommunen velger å gi tilskudd til barnehager etter barnehageloven § 14 andre ledd.

Forskriften gjelder ikke ved tildeling av andre kommunale tilskudd eller offentlige tilskudd. Med godkjente barnehager menes barnehager som er godkjent etter barnehageloven §§ 10 eller 11. Forskriften gjelder derfor ved kommunens tildeling av tilskudd til alle godkjente ikkje-kommunale ordinære barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager. Kommunale tilskudd til barneparker reguleres ikke av forskriften.»

Løyvinga sitt formål var at dei private barnehagane skulle få styrka drifta i høve til kvaliteten og dette skulle komme borna til gode.

På møte med barnehagane 05.06 vart kriteria for å senda inn søknad avklara.

Dokumentasjonsgrunnlag i saka er: Rekneskap eller budsjett, bemanning/ barnetal. Søknaden med grunngjeving for kvifor barnehagen treng ekstramidlar, og oppsett på tiltak for korleis midlane er tenkt å verte brukt. Barnehagane skal rapportere til kommunen om korleis midlane har vore nytta.

Det er kome inn søknader frå alle dei ordinære private barnehagane. Beløpa som barnehagane søkjar om, er rekna ut frå den einstilte barnehagen sitt barnetal pr. 15.12.14.

Alle barnehagane har lagt ved budsjett for 2015 med forventa resultat. Barnehagane søkjer om midlane for å kunne oppretthalde ordinær forsvarleg drift i 2015. Midlane er eit tiltak for å styrke kvaliteten i den einstilte barnehage i 2015. I felles søknadsmal er følgjande kriteria lista opp som barnehagane sine argument:

Å kunne ta inn vikarar og sted fortredar frå første dag ved sjukdom. Kunne ta tak i naudsynt vedlikehald. Kunne ta inn lærlingar. Kunne drive med generell kompetanseheving utover førstehjelpskurs, og ta del i prosjektutvikling som tek tak i dagens problemstillingar rundt borna sin oppvekst. Heve kompetansen, ved å kunne tilsetje og lønne fagleg kompetanse. Kunne driva med seniorpolitikk samt opplæring av tilsette i staden for å driva med dag til dag brannslukking.

Det er komet inn søknader frå følgjande barnehagar:

Leiketun barnehage. Søknaden er på kr. 816 199,-. Dokumentasjon som er vedlagt er fordelingsnøkkel på barnetal pr. 15.12.14. Forventa rekneskap for 2014 er eit underskot på kr. 295.000. Vidare dokumenterer barnehagen at eigenkapitalen er redusert frå å vera 1 426 799,- i 2012 til 345 412,- i 2014. Barnehagen opplyser at budsjettet for 2015 er ein stor utfordring i høve til å kunne oppretthalde drifta på eit 2014 nivå.

Læringsverkstedet avdeling Flatøy. Søknaden er på kr. 178 041,-. Barnehagen har lagt ved prognose over 2015 budsjett som viser forventa underskot på drifta på -1%. I tillegg til dette underskotet har barnehagen opplyst om ei rekke naudsynte utgifter i høve til oppgradering av inventar og utstyr ute og inne.

Drømmehagen barnehage. Søknaden er på kr. 1.340 232,-. Vedlagt dokumentasjon: Prognose for 2015 viser eit underskot på kr. -167 278,- når ekstratilskotet dei søkjer om er teken med. Utan dette vil underskotet vera på kr. 1 507 510,-. Rekneskapet for 2014 er ikkje lagt ved, då dette ikkje er godkjent av styre eller generalforsamling. Som tilleggsplysning informerer barnehagen i søknaden om at barnehagen hadde eit underskot på kr. 607 841 i 2013.

Blåklokka barnehage. Søknaden er på kr.1 016 016,-. Budsjettet for 2015 viser forventa resultat på kr. -835 082,-. Rekneskapet for 2014 er enno ikkje ferdig.

Læringsverkstedet Maurtua barnehage. Søknaden er på kr. 438 279,- Vedlagt dokumentasjon er forventa prognoser for 2015. Her er forventa resultat som går i minus med kr. 561 000,-

Espira Marthahaugen barnehage. Søknaden er på kr. 849 077,- Dokumentasjon som er vedlagt er budsjett med forventa resultat før skattekostnad på kr. -1 372 624,-

Leirdalen barnehage. Søknaden er på kr.362.155,- Barnehagen har utfordringar med drifta i høve til redusert barnetal i løpet av driftsåret. Den vil nytte midlane til kompetanseheving og til å kunne halde på, og kunne satse på å tilsette personale med formell kompetanse i alle stillingar.

Vurdering

Dei ordinære private barnehagane har søkt om ekstraordinære midlar i 2015 for å styrke pedagogisk kvalitet og andre ulike faktorar som kan heva kvaliteten i 2015 for borna i barnehagen.Søknaden er forma likt, men alle barnehagane har alle lagt ved eigen dokumentasjon i høve til at dei treng midlar. Sjølv om barnehagane søker om midlane for å kunne oppretthalde ordinær forsvarleg drift i 2015 er likevel midlane eit tiltak for å styrke kvaliteten i den einkilde barnehage ut frå følgjande søknadskriteria/ grunngevingar.

Å kunne ta inn vikarar og stedfortredar frå første dag ved sjukdom. Kunne ta tak i naudsynt vedlikehald. Kunne ta inn lærlingar. Kunne drive med generell kompetanseheving utover førstehjelpskurs, og ta del i prosjektutvikling som tek tak i dagens problemstillingar rundt borna sin oppvekst. Heve kompetansen, ved å kunne tilsetje og lønne fagleg kompetanse. Kunne driva med seniorpolitikk samt opplæring av tilsette i staden for å driva med dag til dag brannslukking.

Dokumentasjonen gjev grunnlag for individuell vurdering om dei ulike områda dei ekstraordinære midlane for 2015 kan verte fordelt og nytta til individuelt i kvar barnehage. I etterkant vil rapporteringa gje eksplisitt valid dokumentasjon om kvar barnehage si prioritering i høve til kvalitetsheving i kvardagen i barnehagane. Administrasjonen har ikkje fått inn godkjende rekneskap for 2014, og difor har desse ikkje har kunnet vore med i berekninga. Nokon barnehagar visar til at rekneskap frå tidlegare år har vorte dårlegare/ gått i minus, og at eigenkapitalen er redusert. Alle barnehagane har levert inn budsjett med prognosar for 2105. Driftsgrunnlaga er svake i høve til alle desse prognosane. Tiltakslista er lagt ved søknadane. Barnehagane skal ha rapporteringsplikt for korleis ekstramidlane har vore brukt, slik at kommunen kan kontrollera med at dei har heva kvaliteten i den einkilde barnehage.

Søknadene har vore handsama individuelt og etter beste skjøn. Det har i nokon tilfeller vore henta inn tilleggsinformasjon og opplysningar for å utdype saksandsaminga.

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

Konklusjon

Søknadane om ekstraordinærte tilskot frå barnehagane har vore handsama individuelt i administrasjonen. Slik ein vurderer det, vil søknadane gje grunnlag for forbetra individuelle kvalitetstiltak i den einkilde barnehagen.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune tildeler private barnehagar ekstraordinære tilskotsmidlar til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i 2015. Midlane er ikkje del av minimumstilskotet som omfattar barnehageloven og tilhøyrande forskrifter og rundskriv.

| | |
|---|-----------------|
| Tilskot til Leiketun barnehage: | kr. 816 199,- |
| Tilskot til Læringsverkstedet avdeling Flatøy | kr. 178 041,- |
| Tilskot til Drømmehagen barnehage | kr. 1.340 232,- |
| Tilskot til Blåklokka barnehage | kr. 1 016 016,- |
| Læringsverkstedet Maurtua barnehage | kr. 438 279,- |
| Espira Marthahaugen barnehage | kr. 849 077,- |
| Leirdalen barnehage | kr. 362.155,- |
| Samla sum: | kr. 5.000 000,- |

Formannskapet - 85/2015**FS - behandling:****FS - vedtak:**

Meland kommune tildeler private barnehagar ekstraordinære tilskotsmidlar til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i 2015. Midlane er ikkje del av minimumstilskotet som omfattar barnehageloven og tilhøyrande forskrifter og rundskriv.

| | |
|---|-----------------|
| Tilskot til Leiketun barnehage: | kr. 816 199,- |
| Tilskot til Læringsverkstedet avdeling Flatøy | kr. 178 041,- |
| Tilskot til Drømmehagen barnehage | kr. 1.340 232,- |
| Tilskot til Blåklokka barnehage | kr. 1 016 016,- |
| Læringsverkstedet Maurtua barnehage | kr. 438 279,- |
| Espira Marthahaugen barnehage | kr. 849 077,- |
| Leirdalen barnehage | kr. 362.155,- |
| Samla sum: | kr. 5 000 000,- |

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Kari Anne Iversen | FE - 270 | 14/4466 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 86/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |
| | Kommunestyret | PS | |

Erstatningskrav

F

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Per Inge Olsen | FE - 153 | 15/1804 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 87/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Budsjettrevisjon 2015 (FS)

Saksopplysningar:

Revisjon av driftsbudsjettet

Rapportering av driftsrekneskap pr 31. mai 2015 (sjå detaljerte kommentarar i vedlegg 1 til sak 83/2015) vert oppsummert med forventa avvik på følgjande område:

1. Skatt og rammetilskot
Vi får lågare skatteinntekter og skatteutjamningsmidlar enn budsjettert, i hovudsak som følgje av nasjonal nedgong i skatteinntekter, men og lågare innbyggjartal Pr 31.12.2014 enn budsjettert. Regjeringa har kompensert for deler av dette gjennom auka rammetilskot, men vi kjem i sum ut ca kr 700.000,- lågare i sum skatt og rammetilskot.
2. Vestbygd skule
Det er trong for å styrke bemanninga ved skulen frå hausten 2015. Noko av dette vert dekke inn med overføring av ressursar frå andre skular, men netto reknar dei med å komme ut med meirforbruk på ca kr 400.000,- for året totalt.
3. Husleigeinntektene på PUK
Desse er budsjettert for høgt, og tenesteområde melder forventa avvik på kr 750.000,- som dei ikkje kan dekke innanfor ramma.

Til saman innber dette eit meirforbruk på kr 1,15 mill på drift, og reduksjon av inntekter på kr 0,7 mill, i sum reduksjon i overskot / avsetning til disposisjonsfond med kr 1,85 mill.

Rådmann har som målsetting å vidareføre ein nøktern drift, og vil arbeide vidare med målsetjing om å oppnå eit rekneskapsresultat innanfor dei opprinnelege rammene sett i budsjettet for 2015, utan å i dag kunne identifisere korleis ein skal klare dette. Ny vurdering av behov for budsjettjustering vil skje i samband med rapportering pr 31.08.2015.

Basert på dette vil rådmann gjere framlegg om følgjande budsjettendringar på drift:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill. frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.
3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.

Revisjon av investeringsbudsjettet:

Vedlegg 2 i FS 83/2015 inneheld oversyn over status og kommentarar til alle investeringsprosjekt. Siste kolonne i dette oversynet viser forventa avvik mellom budsjett i 2015 og oppdatert prognose, og desse avvika er grunnlag for dette framlegget til budsjettjusteringar.

Revisjon av investeringsbudsjettet er naudsynt av 3 årsaker:

1. Prosjekt som vart forseinka i 2014, der vi forskyv midlar utan at totalt prosjektbudsjett vert endra.
2. Nye prosjekt som følgje av ny behovsvurdering
3. Prosjekt med meirforbruk

Rådmann gjer framlegg om endring av budsjett på følgjande prosjekt:

100: IT-utstyr

Vi vil redusere budsjettet med kr 400.000,- til kr 850.000,- som følgje av overføring av midlar til nytt prosjekt 374 Oppgradering av telefoni på sjukeheimen.

103: Utbygging breiband

Tilskot kr 3,1 mill motteke i 2014 er avsett til kapitalfond. Vi må budsjettere med utbetaling av tilskotet i 2015 finansiert med bruk av kapitalfond

350: Utleigebustader

Kr 3,1 mill overført frå prosjekt 350 Omsorgsbustader, slik at total prosjektsum vert kr 9,1 mill. Sjå kommentar prosjekt 351.

351: Omsorgsbustader

Sjå sak «KS 49/2015 – Busetting av flykningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise» og framlegg til budsjettendring der. Budsjett var opprinneleg fastsett til kr 3,1 mill. Ingen endring i dette. Med ein feil i budsjettoppsettet vart mva lagt til investeringssummen, men det vil ikkje påløpe mva i prosjektet. Vi gjer difor framlegg om å redusere brutto investeringssum med kr 775.000,- til kr 3,1 mill, og redusere mva-refusjon med tilsvarande beløp. Netto beløp i prosjektet vert så overført til prosjekt 350 Utleigebustader, slik at dette prosjektet får eit totalbudsjett på kr 9,1 mill.

373: Meland Sjukeheim – Inventar og utstyr

Prosjektet opprinneleg budsjettert med kr 600.000,- i 2014. Påløpt kr 202.000,- i 2014, og vi vil budsjettere med resterande sum kr 398.000,- i 2015 for å gjere ferdig dei tiltak som er planlagt gjennomført. Finansiering med lånemidlar

374: Oppgradering av telefoni på sjukeheimen

Nytt prosjekt som må gjennomførast for å få ei fungerande telefoniløysning integrert med sjukesignal og alarmsystema på sjukeheimen. Midlar overført frå prosjekt 100.

460: Tomteareal / kjøp av sentrumsareal Frekhaug

Budsjett var opprinneleg fastsett til kr 3,5 mill. Førebels ingen indikasjon på endring. Med ein feil vart mva lagt til investeringssummen i opprinneleg budsjett, men det vil ikkje påløpe mva i prosjektet. Vi gjer difor framlegg om å redusere brutto investeringssum med kr 875.000,- til kr 3.500.000,-, og redusere mva-refusjon med tilsvarande beløp.

576: Restaurering av orgel

Budsjettert med kr 387.500,- i 2015. Vert utsett til 2016 og midlane overført til prosjekt 577.

577: Brannvarslingsanlegg Kyrkja
Nytt prosjekt, kr 387,500,-, midlar overført frå prosjekt 576.

785: Aggregat Meland Sjukheim
Prosjektet er i prosjekteringsfasen, kalkyle på kr 3,0 mill inkl. mva. Må finansierast med kr 3,0 mill i auka bruk av lånemidlar og kr 0,75 mill i mva-refusjon. Sjå saksutgreiing i sak KS 55/2015.

602: Mobilt straumaggregat vassverk
Prosjektet vert rimelegare enn budsjettert, og budsjettsum vert redusert frå kr 1,0 mill til kr 0,5 mill. Overføring av midlane til prosjekt 659 – Sanering Markavegen.

604: Momentum selvkostmodell
Datasestem for berekning av korrekt selvkostrekneskap innan VA og simulering av framtidig avgiftstariffar. Budsjettsum kr 165.000,- finansiert med bruk av kapitalfond.

635: Resipientgransking sjø:
Kr 400.000,- budsjettert som investering. Dette må takast over driftsbudsjettet, og midlane vert difor teke ut av investeringsbudsjettet. Overførast til prosjekt 659.

640: Utslepp Eikeland
Prosjektet ikkje heilt ferdig i 2014 som planlagt – kr 120.000,- må budsjetterast i 2015. Overføring frå 2014. Totalt prosjektkostnad betydeleg under budsjett.

653: Orrhøyen 1 – Slamavskillar og utslepp
Redusert prosjektbudsjett kr 200.000,-, midlane overførast til prosjekt 659 – Sanering Markavegen.

654: VA-kryssing E39
Arbeid som må gjerast i samband med vegutbetringa. Prosjektet vil komme i fleire faser, fase 1 er estimert med en kostnad på kr 0,5 mill. Budsjetterer førebels med dette, men ytterlegare auke vil måtte kome seinare. Finansiering med auke i lånemidlar.

659: Sanering Markavegen
Prosjektet opprinneleg budsjettert med kr 3,0 mill. Av dette er påløpt kr 1,6 mill. i 2014, og kr 1,4 mill er difor ei forskyving av opprinneleg budsjett i 2014 til 2015. I tillegg får vi ein meirkostnad i prosjektet på kr 1,1 mill. Må difor i 2015 totalt budsjettere med kr 2,5 mill. Overføring av midlar frå andre prosjekt.

635: Resipientgransking sjø:
Kr 400.000,- budsjettert som investering. Dette må takast over driftsbudsjettet, og midlane vert difor teke ut av investeringsbudsjettet. Overførast til prosjekt 659.

Følgjande prosjekt innan Vann og Avlaup kjem i gang seinare enn oppsett i budsjettet for 2015, og prosjektbudsjettet vert forskyve frå 2015 til seinare. Dette er og lagt til grunn i investeringsframlegga i økonomiplanen for 2016 – 2019:

| | | |
|---|--------------------------------------|------------------------------|
| 600 | Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik | Reduksjon i 2015 kr 12 mill |
| 601 | Fullrenseanlegg Hestdal | Reduksjon i 2015 kr 2,5 mill |
| 603 | Vassleidning Fløksand – Beitingen | Reduksjon i 2015 kr 3,2 mill |
| 662 | Avlaupsleidning Holmeknappen – Tveit | Reduksjon i 2015 kr 4,7 mill |
| Sum reduksjonar i 2015 er kr 22,4 mill. | | |

Framlegg til endring kan summerast opp i følgjande tabell:

| Budsjettrevisjon 2015 - Investeringsbudsjett | | | | | tal i 1000 kr | | Oppd. 18.06.2015 | |
|--|---|---------------------|------------------------|-----------------------|-----------------------------|-----------------------|------------------|-----------------------------|
| | | | | | Spesifikasjon av endringer: | | | |
| Proj. | Prosjektnavn | Oppr. budsjett 2015 | Revidert budsjett 2015 | Endring budsjett 2015 | Overføring frå 2014 | Omford. prosj. i 2015 | Nye midlar 2015 | Utsetting frå 2015 til 2016 |
| Ordinære investeringar | | | | | | | | |
| 100 | It-utstyr | 1 250 | 850 | -400 | | -400 | | |
| 103 | Utbygging Breiband | - | 3 100 | 3 100 | 3 100 | | | |
| 253 | Tilbygg grasdal skule | 9 000 | 9 000 | | | | | |
| 254 | Tilbygg sagstad skule | 11 250 | 11 250 | | | | | |
| 256 | IKT-skular | 375 | 375 | | | | | |
| 257 | Uteområde skulane | 250 | 250 | | | | | |
| 350 | Utleigebustader | 6 000 | 9 100 | 3 100 | | 3 100 | | |
| 351 | Omsorgsbustader | 3 875 | - | -3 875 | | -3 100 | -775 | |
| 371 | Meland sjukeheim, adgangssystem | 250 | 250 | | | | | |
| 373 | Meland Sjukeheim – Inventar og utstyr | - | 398 | 398 | 398 | | | |
| 374 | Oppgradering av telefoni på sjukeheimen | - | 400 | 400 | | 400 | | |
| 460 | Tomteareal | 4 375 | 3 500 | -875 | | | -875 | |
| 576 | Restaurering av orgel | 388 | - | -388 | | -388 | | |
| 577 | Brannvarslingsanlegg Kyrkja | - | 388 | 388 | | 388 | | |
| 750 | Veglysl Dalemarka | 875 | 875 | | | | | |
| 751 | Veglysl Beitingen | 1 375 | 1 375 | | | | | |
| 760 | Asfaltering kommunale vegar | 1 063 | 1 063 | | | | | |
| 761 | Trafikksikring | 375 | 375 | | | | | |
| 762 | Kommunale bygg | 1 250 | 1 250 | | | | | |
| 778 | Gangbru Mjåtveitvegen | 1 800 | 1 800 | | | | | |
| 782 | Ny traktor | 875 | 875 | | | | | |
| 784 | Kantklyppar til traktor | 500 | 500 | | | | | |
| 785 | Aggregat Meland Sjukeheim | - | 3 750 | 3 750 | | | 3 750 | |
| 786 | Ladepunkt El-bilar | 313 | | | | | | |
| 910 | Avdrag innlån startlån Husbanken | 2 323 | 2 323 | | | | | |
| 910 | Startlån - utlån | 7 000 | 7 000 | | | | | |
| 929 | Eigenkapitalinskot KLP | 700 | 700 | | | | | |
| | Sum ordinære investeringar | 55 461 | 60 746 | 5 598 | 3 498 | - | 2 100 | - |
| Vassverk og avlaup | | | | | | | | |
| 600 | Vassleidning Ådlandsvågen - Landsvik | 15 000 | 3 000 | -12 000 | | | | -12 000 |
| 601 | Fullrenseanlegg Hestdalen | 3 000 | 500 | -2 500 | | | | -2 500 |
| 602 | Mobilt straumaggregat vassverk | 1 000 | 500 | -500 | | -500 | | |
| 603 | Vassleidning Fløksand - Beitingen | 6 200 | 3 000 | -3 200 | | | | -3 200 |
| 604 | Momentum selvkostmodell | - | 165 | 165 | | | 165 | |
| 635 | Resipientundersøking sjøområda | 400 | - | -400 | | -400 | | |
| 653 | Orrhøyen 1 – Slamavskillar og utslepp | 900 | 700 | -200 | | -200 | | |
| 639 | Slamavskiljar Orrhøyen II | 1 900 | 1 900 | | | | | |
| 640 | Utslepp Eikeland | - | 120 | 120 | 120 | | | |
| 654 | VA-kryssing E39 | - | 500 | 500 | | | 500 | |
| 659 | Sanering Markavegen | - | 2 500 | 2 500 | 1 400 | 1 100 | | |
| 662 | Avlaupsleidning Holmeknappen - Tveit | 5 200 | 500 | -4 700 | | | | -4 700 |
| 663 | Separering Grønlandsområdet | 2 500 | 2 500 | | | | | |
| | Sum Vassverk og Avlaup | 36 100 | 15 885 | -20 215 | 1 520 | - | 665 | -22 400 |
| | Sum alle investeringar | 91 561 | 76 631 | -14 617 | 5 018 | - | 2 765 | -22 400 |
| Endring av finansiering i 2015: | | | | | | | | |
| | Bruk av bundne invest.fond (breiband) | - | 3 100 | 3 100 | 3 100 | | | |
| | Bruk av kapitalfond (ubundne invest.fond) | 2 700 | 2 865 | 165 | | | 165 | |
| | Mva-refusjon | 7 888 | 6 388 | -1 500 | | | -900 | |
| | Mottatte avdrag startlån | 2 323 | 2 323 | | | | | |
| | Bruk av lånemidlar - startlån | 7 000 | 7 000 | | | | | |
| | Bruk av lånemidlar | 71 650 | 55 268 | -16 382 | 1 918 | | 3 500 | -22 400 |
| | Sum endring i finansiering: | 91 561 | 76 944 | -14 617 | 5 018 | - | 2 765 | -22 400 |

Framlegg til vedtak:

Følgjande endringar vert gjort i budsjettet for 2015:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.
3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.
4. Investeringsbudsjettet for 2015 vert redusert med kr 14.617.000,- spesifisert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av kapitalfond (ubundne investeringsfond) kr 165.000,-
- c. Reduksjon i bruk av lånemidlar: kr 16.382.000,-
- d. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.500.000,-

Formannskapet - 87/2015**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

Følgjande endringar vert gjort i budsjettet for 2015:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.
3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.
4. Investeringsbudsjettet for 2015 vert redusert med kr 14.617.000,- spesifisert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av kapitalfond (ubundne investeringsfond) kr 165.000,-
- c. Reduksjon i bruk av lånemidlar: kr 16.382.000,-
- d. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.500.000,-

Sakspapir

| | | |
|--------------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Merete Rosslund Fløysand | FA - U62 | 15/1808 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 88/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Utviding av salsareal KIWI 801 Frekhaug

Vedlegg:

Melding om utviding av salsareal

Vedlegg - Kart over salsareal

Løyve til sal av øl i tidsrommet 01.04.12 - 31.03.16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bjørn Hagen AS v/Gisle Skauge har i skriv d. 17.06.15 gitt melding om at salsarealet til KIWI 801 Frekhaug vert utvida til 777 m2 frå 06.08.15, og søker om at salsløyve for inneværande periode også skal gjelde for det nye arealet.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at KIWI 801 Frekhaug får salsløyve for inneværande periode, fram til 31.03.16 for det nye salsarealet, stort 777 m2.

Formannskapet - 88/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet godkjenner at KIWI 801 Frekhaug får salsløyve for inneværende periode, fram til 31.03.16 for det nye salsarealet, stort 777 m2.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Anny Bastesen | | 15/1826 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 89/2015 | Formannskapet | PS | 24.06.2015 |

Statens vegvesen - planlagte trafikksikringstiltak i Fossekrysset, trong for dispensasjon frå plankrav

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld:

Statens vegvesen Hordaland har vendt seg til kommunen v/ordførar med melding om at dei skal gå i gang med trafikksikringstiltak i Fossekrysset, pr telefon 18.06.2015. Ordførar har sendt meldinga vidare til Plan, utbygging og kommunalteknikk. Ved kontakt tilbake til Statens vegvesen er det opplyst pr telefon 19.06.2015 at det skal byggjast fortau rundt busshaldeplassen i Fossekrysset, og at gangvegen skal førast frå Krossnessundbrua i ein boge i retning Litlebergen, tilbake og ned under Krossnessundbrua og oppatt slik at den treff gang- og sykkelvegen vidare i retning Frekhaug. Fotgjengerkryssinga over fylkesvegen vil bli stengt.

Vegkontoret opplyser vidare at der er løyvd 2 mill kroner i statlege / fylkeskommunale midlar til trafikksikringstiltak ved busshaldeplassen, og 2,5 mill kroner til å føre gang- og sykkelvegen ned i ein undergang. Vidare er det sagt at vegkontoret har prosjektert løysinga. På grunn av at dei no har oppdaga eit masseoverskot for veganlegget over Flatøy, hastar det med å finne løysingar på plassering av store steinmassar, og gjerne der dei likevel skal i gang med anlegg.

Administrasjonen har ikkje innblikk i trafikksikringstiltaka som er planlagt, og kjenner ikkje det formelle plangrunnlaget som tiltaka fell inn under. Utan søknad har det ikkje vore mogeleg å behandle noko sak for å gje vegkontoret heimel til å deponere massar eller starte anleggsarbeidet. Vegkontoret opplyser at saka hastar og at dei treng vedtak før sommaren.

Plan- og lovstatus

Det er ingen godkjent reguleringsplan for Fossekrysset. Det planarbeidet som vart starta for ein del år sidan, er lagt på is. Det skal utarbeidast ein ny reguleringsplan som skal oppdaterast i høve til ny, godkjent kommuneplan (arealdel). Området sentralt i høve til nasjonale og regionale retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, og strekningen Frekhaug – Fosse – Flatøy – Knarvik vil dei neste 10 – 20 åra bli utvikla til større bustad-, nærings- og serviceområde med høgare utnytting enn den gamle kommuneplanen opna for. Dei løysingane som er skissert i tidlegare / gamle reguleringsplanarbeid tek ikkje omsyn til denne utviklinga.

Kommuneplanen inneheld eit reguleringsplankrav for utbygging av dei ulike delområda og tiltaka. Iverkseting av anlegg og tiltak utan reguleringsplan krev dispensasjon frå plankravet.

Saksbehandlingreglane i byggesaksforskrifta (SAK10) inneheld unntak frå søknadsplikt for tiltak etter kap. 20 i plan- og bygningslova (om byggjesøknad) når det gjeld offentlege veganlegg, under føresetnad av at anlegget er detaljert avklart i gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova (SAK 10 § 4-3). Dersom anlegget ikkje er detaljert avklart i reguleringsplan, må det sendast inn søknad om byggeløyve på vanleg måte, men vegvesenet treng ikkje søkje ansvarsrett eller dokumentere kvalitetssikring og kontroll eller bli utsett for tilsyn. Reglane i SAK 10 har verken Meland eller andre kommunar høve til å dispensere frå.

Vurdering

I høve til dispensasjon frå plankravet i den nyleg vedtekne kommuneplanen (arealdelen), er det reglar for høyring og nabovarsling. Vidare må grunngevinga for dispensasjon vere god, jf kap. 19 i plan- og bygningslova. Administrasjonen vurderer søknader om dispensasjon frå kravet om reguleringsplan ut frå dei konkrete tilhøva og plansituasjonen i kvar enkelt sak. Dersom tilhøva er godt avklart og på nivå med avklaringar som normalt blir gjort i reguleringsplanprosesen, har kommunen eit godt grunnlag for å vurdere dispensasjonen. Den må i alle høve ikkje binde opp komande reguleringsplanarbeid eller gjere det vanskeleg å lage ein god plan i ettertid.

I denne saka er det særleg vanskeleg å vurdere anlegget av undergang. Det gamle forslaget til reguleringsplan er ikkje hensiktsmessig utforma i høve til den utviklinga som kommunen har vedteke langs strekningen. Undergangen kan i beste fall mista funksjonen sin om nokre år. Fortau ved busshaldeplassen er eit mindre omfattande inngrep som kan byggjast om når dei samla trafikkkløysingane er hensiktsmessig planlagt. Risikoen for å byggje anlegg som ikkje er framtidsretta må likevel Statens vegvesen ta, så lenge anlegget ikkje hindrer planlegginga av dei gode løysingane.

Når det gjeld sjølve tiltaket, ein undergang, er administrasjonen sterkt tvilande til at løysinga gjev gode vilkår for gåande og syklande. Undergangar er ikkje populære og folk finn andre måtar å krysse vegen på. Administrasjonen meiner at slike løysingar ikkje bør nyttast lenger. På dette området kan kommunen uttale seg, men statleg trafikksikringsetat treng ikkje rette seg etter kommunale råd.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Statens vegvesen har løfta fram saka som ei hastesak. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon på søknad om tiltak eller søknad om dispensasjon frå plankravet. Det er heller ikkje lagt fram dokumentasjon på nabovarsling eller høyring. Dersom slik dokumentasjon blir ettersendt vil materialet bli lagt fram i møtet.

Formannskapet har høve til å ta stilling til saka i medhald av hasteparagrafen i kommunelova § 13. Normalt er det Utval for drift og utvikling som behandlar søknader etter plan- og bygningslova, men utvalet har hatt sitt siste møte før ferien.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet som ei hastesk slik Statens vegvesen har bedt om. Formannskapet må stilling til om vegvesenet kan sette i gang anlegget slik dei ønskjer, evt. på nærare vilkår.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 13 og godkjenner at Statens vegvesen vil få dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens sin arealdel for trafikksikringstiltak i Fossekkrysset. Vilkår er at søknad og all dokumentasjon blir sendt inn og at krava til varsling og høyring vert etterlevd. Administrasjonen kontrollerer materialet som kjem inn og godkjenner til slutt at vilkåra for å få dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19 er til stades. Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak i tråd med reglane i SAK 10 § 4-3, jf plan- og bygningslova § 20-4 første ledd.

Grunngjevinga for vedtaket er at Statens vegvesen sit på steinmassar og trafikksikringsmidlar som er tenkt nytta i dette anlegget.

Formannskapet - 89/2015**FS - behandling:****FS - vedtak:**

Formannskapet i Meland nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 13 og godkjenner at Statens vegvesen vil få dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens sin arealdel for trafikksikringstiltak i Fossekkrysset. Vilkår er at søknad og all dokumentasjon blir sendt inn og at krava til varsling og høyring vert etterlevd. Administrasjonen kontrollerer materialet som kjem inn og godkjenner til slutt at vilkåra for å få dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19 er til stades. Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak i tråd med reglane i SAK 10 § 4-3, jf plan- og bygningslova § 20-4 første ledd.

Grunngjevinga for vedtaket er at Statens vegvesen sit på steinmassar og trafikksikringsmidlar som er tenkt nytta i dette anlegget.